

Kunnskapsdepartementet KD
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Svar på tilleggshøyring om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Vi viser til høyringsbrev – tilleggshøyring, med vedlegg dagsett 3.oktober 2018, kor Kunnskapsdepartementet innbyr høyringsinstansane til å gi sine innspel til *tilleggshøyring om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning (opptaksforskrifta)*. UiT Noregs arktiske universitet (UiT) takkar for invitasjonen og vil i det følgjande gi sitt innspel.

§ 4-2 Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag

- *Medisin, odontologi, ernæring og farmasi*

UiT meiner at UiO har fleire gode argument for innføring av ein eigen test for å sikre at fleire motiverte og egna søkjarar skal få moglegheit til å studere medisin. Ved å setje karakterpoengsum til minimum 50 i denne kvota sikrar dei at gode kandidatar som kanskje ikkje når opp i konkurransen kan komme inn på medisinstudiet. UiT støttar UiO på at dette kan bidra til eit større mangfald blant desse studentane. UiT støttar forslaget.

Med dette følgjer også at UiT støttar forslaget om endring i § 7-14 Rangering på grunnlag av opptaksprøve, og merknadane til § 7-3 Spesielle kvotar.

Vennlig hilsen

Heidi Adolfsen
seksjonsleder

May-Liss Hestnes Mæhlum
opptaksleder

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur

